



➡ [Gå til opprinnelig kunngjort versjon](#)

Forskrift om dyrehelsemessige vilkår for innførsel og utførsel av småfe

Dato	FOR-2005-03-14-232
Departement	Landbruks- og matdepartementet
Publisert	I 2005 hefte 3
Ikrafttredelse	01.04.2005
Sist endret	FOR-2017-05-09-589
Endrer	FOR-1998-12-31-1480
Gjelder for	Norge
Hjemmel	LOV-2003-12-19-124-§7, LOV-2003-12-19-124-§12, LOV-2003-12-19-124-§15, LOV-2003-12-19-124-§19, FOR-2003-12-19-1790, FOR-2004-05-05-884
Kunngjort	18.03.2005
Rettet	07.02.2013 (EØS-tilvisingar)
Korttittel	Forskrift om innførsel og utførsel av småfe

Kapitelloversikt:

Kapittel I. Formål, virkeområde og definisjonar (§§ 1 - 5)

Kapittel II. Krav som gjeld ved handel med småfe innafor EØS-området (§§ 6 - 17)

Kapittel III. Krav som gjeld for innførsel av småfe til EØS-området frå tredjeland (§§ 18 - 22)

Kapittel IV. Avsluttande vilkår (§§ 23 - 29)

Vedlegg A. (Oppheva)

Vedlegg B. (Oppheva)

Vedlegg C. Helsesertifikatmodellar for handel med småfe innafor EØS-området

Vedlegg D – F (Oppheva)

Heimel: Fastsett av Landbruks- og matdepartementet 14. mars 2005 med heimel i lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv. (matloven) § 7 andre ledd, § 12, § 15 og § 19 tredje ledd, jf. delegeringsvedtak 19. desember 2003 nr. 1790.

Tilføyd heimel: Delegeringsvedtak 5 mai 2004 nr. 884.

EØS-tilvisingar: EØS-avtala vedlegg I kap. I del 3.1 nr. 1a (direktiv 2003/85/EF), del 4.1 nr. 2 (direktiv 91/68/EØF som endra ved vedtak 94/953/EF, direktiv 2001/10/EF, direktiv 2003/50/EF, direktiv 2008/73/EF som endra ved vedtak 2009/436/EF, avgjerd 2013/445/EU, avgjerd 2013/784/EU og avgjerd (EU) 2016/2002), del 4.2 nr. 82 (forordning (EF) nr. 1739/2005) og del 8.1 nr. 16a (direktiv 2004/68/EF som endra ved avgjerd 2012/253/EU).

Endringar: Endra ved forskrifter 4 juli 2006 nr. 919, 10 aug 2007 nr. 956, 11 mars 2009 nr. 341, 28 april 2009 nr. 459, 25 juni 2010 nr. 1053, 9 juli 2010 nr. 1132, 25 okt 2010 nr. 1374, 8 aug 2011 nr. 812, 24 okt 2014 nr. 1333, 3 mai 2016 nr. 466, 9 mai 2017 nr. 589.

Rettingar: 07.02.2013 (EØS-tilvisingar).

Kapittel I. Formål, virkeområde og definisjonar

§ 1. Formål

Formålet med denne forskrifta er å førebygge spreiding av smittsame sjukdommar i samband med innførsel og utførsel av levande småfe.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld dei dyrehelsemessige vilkåra ved innførsel og utførsel innanfor EØS, samt innførsel og transitt av levande småfe gjennom EØS frå tredjeland.

Forskrifta gjeld ikkje dei dyrehelsemessige vilkåra for innførsel og utførsel innanfor EØS av levande småfe som omfattast av forskrift 10. august 2007 nr. 955 om krav til dyrehelse ved forflytning av sirkusdyr innanfor EØS.

0 Endra ved forskrifter 4 juli 2006 nr. 919, 10 aug 2007 nr. 956.

§ 3. Definisjonar

Definisjonane i forskrift 31. desember 1998 nr. 1484 om tilsyn og kontroll ved innførsel og utførsel av levende dyr, annet avlsmateriale og animalsk avfall innen EØS, og ved innførsel av levende dyr fra land utenfor EØS og i forskrift 2. april 2001 nr. 384 om transport av levende dyr gjeld i denne forskrifta så langt dei passar.

I tillegg meiner ein i denne forskrifta med:

1. *Småfe:* Levande dyr av sau og geit.
2. *Slaktedyr:* Småfe som enten direkte eller via ein godkjent oppsamlingssentral skal bli sendt til slakteri for å bli slakta.
3. *Avls- og produksjonsdyr:* Småfe som ikkje går inn under nr. 2 eller nr. 4 og som enten direkte eller via ein godkjent oppsamlingssentral skal bli ført til transportmålet for å bli nytta til avl, oppdrett eller produksjon.
4. *Dyr til oppfôring:* Småfe som ikkje går inn under nr. 2 eller nr. 3 og som enten direkte eller via ein godkjent oppsamlingssentral skal bli ført til transportmålet for å bli fôra opp for seinare slakt.
5. *Buskap:* Alle dyr innafor same driftseining med slik kontakt at smitte kan bli overført, også indirekte.
6. *Driftseining:* Ei landbruksverksemd der det jamt vert halde eller alt opp dyr, eller ei offentleg godkjent verksemd for forretningsmessig omsetning av dyr.
7. *Opphavseining:* Driftseining der småfe har vore halde kontinuerlig i samsvar med krava i forskrifta her, og der det finst oppteikningar som dokumenterer dette og som offentleg styresmakt kan kontrollere.
8. *Offisielt brucellosefri driftseining:* Driftseining som tilfredsstiller vilkåra i direktiv 91/68/EØF vedlegg A, kapittel 1, punkt 1.
9. *Brucellosefri driftseining:* Driftseining som tilfredsstiller vilkåra i direktiv 91/68/EØF vedlegg A, kapittel 2.
10. *Godkjent oppsamlingssentral:* Lokalitet der småfe frå ulike driftseiningar blir samla under oppsyn av offentleg veterinær, slik at dei dannar parti av dyr berekna på handel innafor EØS-området.
11. *Oppsamlingssentral:* Samleplass og marknad der småfe frå ulike driftseiningar blir samla under oppsyn av offentleg veterinær, slik at dei dannar parti av dyr berekna på transport innanlands.

12. *Livdyrforhandlar*: Fysisk eller juridisk person som direkte eller indirekte kjøper og sel dyr kommersielt, som har fast omsetnad av desse dyra, og seinast 29 dagar etter å ha kjøpt dyra sel dei vidare eller flyttar dei frå lokaliteten der dei først blei plassert til andre lokalitetar eller direkte til eit slakteri som han ikkje sjølv eig.
13. *Godkjent lokalitet for livdyrforhandlar*: Lokalitet drive av livdyrforhandlar som definert i nr. 11, som er godkjent av kompetent styresmakt og der småfe frå ulike driftseiningar blir samla slik at dei dannar parti av dyr berekna på handel innafor EØS-området.
14. *Transportør*: enhver fysisk eller juridisk person som transporterer dyr for egen eller tredjemanns regning jf. forskrift 8. februar 2012 nr. 139 om næringsmessig transport av dyr § 4, jf. artikkel 2, bokstav X av forordning (EF) nr. 1/2005.
15. *Offentleg veterinær*: Veterinær som er gitt offentlig mynde av kompetent sentral styresmakt i det aktuelle landet.
16. *Offentleg godkjent laboratorium*: Eit laboratorium som er godkjent i avsenderlandet til å utføre dei diagnostiske testane som er omtala i denne forskrifta.
17. *Epizootifri sone*: Eit område rundt eksportbuskapen med ein diameter på 20 km der det dei siste 30 dagane ikkje har vore utbrot av munn- og klauvsjuka, smittsam blæreutslett eller smittsam griselammelse.
18. — — —
19. *Tredjeland*: Land som verken er medlem av Den Europeiske Union eller som gjennom EØS-avtala har inngått avtale med EU om handel med småfe.
20. *Godkjent tredjeland*: Eit tredjeland, eller eit område i eit tredjeland, som er gitt løyve til å eksportere levande småfe til EØS, jf. forskrift 23. juli 2010 nr. 1137 om import fra tredjestater av visse levende dyr, bier, humler og ferskt kjøtt av visse dyr jf. forordning (EU) nr. 206/2010.
21. *Meldepliktige sjukdomar*: Sjukdomar lista opp i vedlegg B til direktiv 91/68/EØF.

0 Endra ved forskrifter 4 juli 2006 nr. 919, 25 okt 2010 nr. 1374, 24 okt 2014 nr. 1333, 3 mai 2016 nr. 466.

§ 4. Opphav og identifikasjon

Ein kan berre handle med levande småfe som enten er født og sidan fødselen har opphalde seg innafor EØS-området eller som er importert til EØS-området frå eit tredjeland i samsvar med reglane i kapittel III i forskrifta her.

Småfe skal vere identifisert og registrert i tråd med gjeldande reglar. Det einskilde dyret skal vere identifisert og registrert slik at det er råd å finne attende til buskapen det kom frå.

0 Endra ved forskrift 9 juli 2010 nr. 1132.

§ 5. Kontakt med andre dyr

Småfe som er omfatta av forskrifta her skal frå dei forlèt opphavseininga til dei når mottakarstaden ikkje komme i kontakt med klauvdyr som ikkje har same helsestatus.

Småfe som er omfatta av forskrifta her skal ikkje på noko tidspunkt frå dei forlèt opphavseininga til dei kjem fram til mottakarstaden sette helsestatusen til småfe som ikkje er meint for handel innanfor EØS-området i fare.

Kapittel II. Krav som gjeld ved handel med småfe innafor EØS-området

§ 6. Oversyn over kva for reglar som gjeld i det einskilde høvet

Ein kan berre handle med slaktedyr som tilfredsstiller krava i § 4, § 5 andre ledd, § 8, § 9, § 10 og § 14.

Ein kan berre handle med dyr til oppføring som tilfredsstiller krava i § 4, § 5 andre ledd, § 8, § 9 og § 12. Dette rører ikkje ved eventuelle tilleggsgarantiar mottakarlandet kan krevje i samsvar med artikkel 7 og 8 i direktiv 91/68/EF.

Ein kan berre handle med avls- og produksjonsdyr som tilfredsstiller krava i § 4, § 5 andre ledd, § 8, § 9, § 11 og § 12. Dette rører ikkje ved eventuelle tilleggsgarantiar mottakarlandet kan krevje i samsvar med artikkel 7 og 8 i direktiv 91/68/EF.

Kompetent styresmakt i mottakarlandet kan vedta generelle eller konkrete unntak frå reglane i andre og tredje ledd for rørsle som gjeld avls- og produksjonsdyr eller dyr til oppføring som eine og aleine skal beite mellomels i nærleiken av indre grenser innafor EØS-området.

§ 7. Helsesertifikat

Under transport til mottakarstaden skal småfe alltid vere følgd av eit helsesertifikat skrivi ut av offentleg veterinær i avsendarlandet. Sertifikatet skal vere utfyllt etter mønster av den av sertifikatmodellane i vedlegg C som er riktig i det einskilde høvet og det skal fremgå at vilkåra i helsesertifikatet er oppfylt. Det skal vere slik at det utgjer ei integrert heilskap og skal vere utstyrt med eit løpenummer. Sertifikatet skal skrivast ut den dagen helseundersøkinga finn sted, på minst eit av dei offisielle språka i mottakarlandet. Helsesertifikatet er gyldig i 10 dagar etter at det blei skrivi ut.

Helseundersøking for utferding av helsesertifikat for ei sending kan finne stad på opphavseininga, på ein godkjent oppsamlingssentral eller, når det gjeld slaktedyr, på godkjent lokalitet for livdyrforhandlar. Dette gjeld og helseundersøking for tilleggsgarantiar. Den offentlege veterinæren skal skrive ut sertifikatet når han har gjort ferdig alle undersøkingar, besøk og kontrollar denne forskrifta krev.

Den offentlege veterinær som er ansvarleg for oppsamlingssentralen skal sette i verk naudsynte kontrollundersøkingar straks dyra kjem til staden.

Når avls- og produksjonsdyr og dyr til oppføring blir sendt frå ein godkjent oppsamlingssentral i landet dei opphavleg kjem frå til eit anna EØS-land, kan helsesertifikata, som omhandla i første ledd og som tilsvarer vedlegg C modell II eller III, berre bli skrivi ut på grunnlag av kontrollundersøkingane omtala i tredje ledd og eit offisielt dokument med dei naudsynte opplysningane, skrivi ut av den offentlege veterinæren som er ansvarleg for opphavseininga til dyra.

Når slaktedyr blir sendt frå ein godkjent oppsamlingssentral eller frå ein godkjent lokalitet for livdyrforhandlar i landet dei opphavleg kjem frå til eit anna EØS-land, kan helsesertifikatet, som omhandla i første ledd og som tilsvarer vedlegg C modell I, berre bli utferda på grunnlag av kontrollundersøkingane omtala i tredje ledd og eit offisielt dokument med dei naudsynte opplysningane, skrivi ut enten av den offentlege veterinæren som er ansvarleg for opphavseininga eller av den offentlege veterinæren som er ansvarleg for den godkjente oppsamlingssentralen, jf. § 10 tredje ledd a nr. i.

Når slaktedyr passerer gjennom ein godkjent oppsamlingssentral, jf. reglane i § 10 tredje ledd b nr. ii, skal den offentlege veterinæren som er ansvarleg for den godkjente oppsamlingssentralen i transitlandet ordne med dokumentasjon overfor mottakarlandet ved å skrive ut eit nytt helsesertifikat etter modell 1 i vedlegg C. Dette skal fyllest ut ved hjelp av data frå det originale helsesertifikatet/dei originale helsesertifikata og til det nye sertifikatet skal det leggas ved ein offisielt stadfesta kopi av det/dei originale. I dette tilfellet kan sertifikata samanlagt ikkje vere gyldige lenger enn det reglane i første ledd tilseier.

Når offentlege veterinærar skriv ut helsesertifikat etter modellane i vedlegg C, skal dei same dag som sertifikatet blir utferda sørge for at sendinga av dyra blir registrert i TRACES-systemet.

I tillegg til krava i artikkelen her skal offentleg veterinær ta omsyn til vedtak 29. mars 2001 nr. 423 om instruks om utstedelse av sertifikater for levende dyr og animalske næringsmidler mv. når han skriv ut helsesertifikat.

0 Endra ved forskrift 3 mai 2016 nr. 466.

§ 8. Generelle krav

Småfe skal inspiserast av offentlig veterinær i løpet av dei siste 24 timar før sending. Dyra skal da ikkje vise kliniske teikn på sjukdom.

Ein kan ikkje handle med småfe som kjem frå driftseining eller som har vore i kontakt med dyr frå driftseining som er pålagt offentlege restriksjonar på dyrehelsegrunnlag. Ein kan heller ikkje handle med småfe som det kan vere naudsynt å slakte i samband med nasjonalt nedkjempingsprogram for smittsam sjukdom som ikkje er omhandla i vedlegg C til direktiv 90/425/EØF eller vedlegg B til direktiv 91/68/EØF.

Det er forbode å sende dyr som er vaksinert mot munn- og klauvsjuka frå eit EØS-land til eit anna.

Dersom det har vore utbrot av brucellose, rabies eller miltbrann i driftseininga skal alle dyr som er smitta eller kan tenkast å vere smitta vere slakta og/eller bortskaffa, og det skal vere følgjande fristar før ein igjen kan føre dyr ut av driftseininga: For brucellose 42 døgn, for rabies 30 døgn og for miltbrann 15 døgn.

Ein kan ikkje handle med småfe som kjem frå driftseining eller som har vore i kontakt med dyr frå driftseining som ligg i område som av helsegrunnar er omfatta av offentlig forbod eller restriksjon.

Ein kan ikkje handle med småfe som i samsvar med artikkel 13 i Avtala om det europeiske økonomiske samarbeidsområde (EØS-avtala) ikkje kan bli omsatt i den regionen dei kjem frå.

0 Endra ved forskrift 4 juli 2006 nr. 919.

§ 9. Krav som gjeld før og under sending

Småfe som ikkje tilfredsstiller krava i leddet her kan ikkje sendast til eit anna land innafor EØS-området. Dei må ha opphalde seg utan avbrot på opphavseininga i minst 30 dagar eller sia fødselen dersom dei er yngre enn dette. Dei må ikkje komme frå driftseining som har tatt inn nye småfe i løpet av dei siste 21 dagar før sending. Dei må ikkje komme frå driftseining som har tatt inn klauvdyr frå tredjeland i løpet av dei siste 30 dagar før sending. Reglane i andre og tredje setning i leddet her gjeld ikkje for slaktedyr, jf. § 10 første og andre ledd.

Kompetent styresmakt kan gjere unntak frå tredje og fjerde setning i første ledd dersom dyra før sending har vore fullstendig isolert frå alle andre dyr på driftseininga.

Dyra kan ikkje vere utafor driftseininga dei kjem frå i meir enn seks dagar før siste gang dei blir sertifisert for handel til den endelege mottakarstaden i eit anna EØS-land i samsvar med det utfylte helsesertifikatet. Dersom dyra blir transportert til sjøs blir denne fristen forlenga med den tida sjøreisa tar.

Når dyra har forlate driftseininga dei kjem frå, skal dei sendast direkte til mottakarstaden i eit anna EØS-land. Før dyra kjem fram til mottakarstaden i eit anna EØS-land, kan dei likevel passere gjennom maksimalt ein godkjent oppsamlingssentral, som skal ligge i landet dyra kjem frå. Slaktedyr kan passere gjennom ein godkjent lokalitet for livdyrforhandlar, som skal ligge i landet dyra kjem frå, i staden for gjennom ein godkjent oppsamlingssentral. For slaktedyr går reglane i § 10 tredje ledd føre føresegna i leddet her.

Den godkjente oppsamlingssentralen, godkjente livdyrforhandlaren og godkjente lokaliteten for livdyrforhandlar som er brukt skal stå oppført med godkjenningsnummer på ei liste som er gjort offentlig av kompetent myndighet i vedkommande land.

Slaktedyr som blir ført direkte til slakteri når dei kjem til mottakarlandet skal bli slakta der så raskt som mogleg og seinast innan 72 timar etter at dei kom til staden.

0 Endra ved forskrift 25 juni 2010 nr. 1053.

§ 10. Særlege reglar for slaktedyr

Ein kan handle med slaktedyr dersom dei har opphalde seg utan avbrot på driftseininga dei kjem frå i minst 21 dagar. Regelen i § 9 første ledd andre setning gjeld ikkje for slaktedyr.

Ein kan handle med slaktedyr som kjem frå driftseining som har tatt inn nye småfe i løpet av dei siste 21 dagar før sending, dersom slaktedyra blir transportert direkte til eit slakteri for å bli slakta umiddelbart utan å passere gjennom ein oppsamlingssentral eller ein kontrollstasjon oppretta i samsvar med reglane i forskrift 8. februar 2012 nr. 139 om næringsmessig transport av dyr. Regelen i § 9 første ledd tredje setning gjeld i dette høvet ikkje for slaktedyr.

Som unntak frå reglane i § 9 fjerde ledd kan slaktedyr passere gjennom ytterlegare ein oppsamlingssentral dersom enten vilkåra i punkt a eller i punkt b nedafor er oppfylt.

- a. Før dei passerer gjennom den godkjente oppsamlingssentralen, som omhandla i § 9 fjerde ledd andre og tredje setning, oppfyller dyra følgjande krav:
 - i. Etter å ha forlate driftseininga dei kjem frå, passerer dyra ein oppsamlingssentral som står under oppsyn av offentlig veterinær og der det på same tid berre blir tillate dyr med minst same helsestatus, og
 - ii. dyra blir identifisert enkeltvis i samsvar med regelen i § 4 andre ledd andre punktum seinast i den aktuelle oppsamlingssentralen, slik at dei i det einskilde høvet kan bli spora tilbake til driftseininga dei kjem frå, og
 - iii. frå oppsamlingssentralen må dyra vere følgt av eit offisielt veterinærdokument og bli transportert direkte til den godkjente oppsamlingssentralen som omhandla i § 9 fjerde ledd, andre og tredje setning, for der å bli sertifisert og sendt direkte til eit slakteri i mottakarlandet.

Eller

- b. Etter sending frå landet dyra kjem frå og før dei blir sendt vidare til slakteriet i mottakarlandet, kan dyra passere gjennom ein godkjent oppsamlingssentral på følgjande vilkår:
 - i. Den godkjente oppsamlingssentralen ligg i mottakarlandet og dyra blir, på den offentlege veterinæren sitt ansvar, sende direkte derifrå til eit slakteri der dei blir slakta seinast fem dagar etter at dei kom fram til den godkjente oppsamlingssentralen, eller
 - ii. Den godkjente oppsamlingssentralen ligg i eit transittland innafor EØS-området og dyra blir sende direkte derifrå til slakteriet i det mottakarlandet som er oppgitt i helsesertifikatet. Helsesertifikatet skal vere utferda i samsvar med reglane i § 7 sjette ledd.

0 Endra ved forskrift 3 mai 2016 nr. 466.

§ 11. Krav til avls- og produksjonsdyr

Avls- og produksjonsdyr skal oppfylle følgjande krav:

- (a) Dei skal komme frå og berre ha vore i kontakt med dyr frå driftseining:
 - (i) der følgjande sjukdommar ikkje har vore klinisk diagnostisert:
 - smittsam agalakti hos sau (*Mycoplasma agalactiae*) eller smittsam agalakti hos geit (*Mycoplasma agalactiae*, *M. capricolum*, *M. mycoides* var. *Mycoides* «large colony») dei siste 6 månadene,
 - paratuberkulose eller byllesjuka (kaseøs lymfadenitt) dei siste 12 månadene,
 - lungeadenomatose, mædi/visna eller caprin artritt og encefalitt (CAE) dei siste tre åra. Denne perioden kan reduserast til 12 månader dersom driftseininga har slakta ut dyr med mædi/visna eller CAE og resten av dyra har reagert negativt i to påfølgjande testar som følgjer føresegna i artikkel 15 i direktiv 91/68/EØF.

Eller som for ein eller fleire av sjukdommane som nemnt i punkt (i) ovafor, utan å bryte krava som gjeld for dei andre sjukdommane, i samsvar med eit program som er godkjent etter føresegna i artikkel 7 og 8 i direktiv 91/68/EØF, kan stille helsegarantiar som er tilsvarande gode i forhold til den aktuelle sjukdommen.
 - (ii) Der ikkje noko forhold som gjer det mogleg å konkludere med at krava i punkt (i) ikkje er oppfylt har kommi fram for den offentlege veterinær som skal skrive ut helsesertifikatet.
 - (iii) Der eigaren har erklært at han ikkje har hatt kjennskap til slike forhold og i tillegg har levert skriftlig erklæring om at det eller dei dyr som skal bli brukt til handel innafor EØS-området oppfyller vilkåra i punkt (i).
- (b) Med omsyn til smittsam epididymitt (*Brucella ovis*) skal ukastrerte verar til avl og produksjon:
 - Komme frå driftseining der det ikkje har vore påvist noko tilfelle av smittsam epididymitt (*B. ovis*) dei siste 12 månadene.
 - Ha opphalde seg kontinuerlig på denne driftseininga dei siste 60 dagar før sending.

- Ha gjennomgått serologisk testing med negativt resultat i samsvar med føresegna i vedlegg D i direktiv 91/68/EØF i løpet av dei siste 30 dagane før sending, eller oppfylle helsegarantiar som er tilsvarende gode i forhold til den aktuelle sjukdommen og som skal godkjennast etter reglane i artikkel 15 i direktiv 91/68/EØF.
- (c) Det skal vere merka av i eit helsesertifikat skrivi ut i samsvar med modell III i vedlegg C at desse krava er oppfylt.

§ 12. *Brucellose*

Avls- og produksjonsdyr og dyr til oppfôring som ikkje kjem frå offisielt brucellosefri driftseining, skal ikkje innførast til Noreg utan at dei er blitt testa med omsyn på brucellose (*Brucella melitensis*). Prøvetaking skal skje i samsvar med direktiv 91/68/EØF.

0 Endra ved forskrift 24 okt 2014 nr. 1333.

§ 13. *Overførbare spongiforme encefalopatiar (TSE)*

Ein kan ikkje handle med småfe som ikkje tilfredsstiller krava i forskrift 30. mars 2004 nr. 595 om forebygging av, kontroll med og utryddelse av overførbare spongiforme encefalopatiar (TSE), jf. forordning (EF) nr. 999/2001 med seinare endringar vedlegg VIII.

§ 14. *Munn- og klauvsjuka*

Ein kan ikkje handle med småfe som er undergitt restriksjonar på grunnlag av reglar om munn- og klauvsjuka eller som er vaksinert mot denne sjukdommen.

§ 15. *Oppsamlingssentralar*

Før å bli godkjent av kompetent styresmakt, må ein oppsamlingssentral minst oppfylle følgjande krav:

- a) Oppsamlingssentralen skal vere under tilsyn av offentlig veterinær, som særleg skal kontrollere at kravet i § 5 første ledd er oppfylt.
- b) Oppsamlingssentralen skal ligge i eit område som ikkje er omfatta av forbod eller restriksjonar på grunnlag av relevante nasjonale eller EØS-rettslege reglar.
- c) Før bruk skal oppsamlingssentralen bli reingjort og desinfisert i samsvar med instruksjonar frå offentlig veterinær.
- d) I samsvar med kapasiteten den einskilde oppsamlingssentralen har til å ta imot dyr, skal han ha:
 - Anlegg som berre tener dette føremålet når han blir brukt som oppsamlingssentral,
 - Egna innretningar til vatning og fôring, til naudsynt pleie og til å lesse dyra på og av på ein korrekt måte. Innretningane skal vere lette å reingjere og desinfisere.
 - Egna innretningar til inspeksjon.
 - Egna innretningar til isolasjon.
 - Utstyr egna til reingjering og desinfisering av lokaler og lastebilar.
 - Egna lagringsplass til fôr, søppel og husdyrgjødsel.
 - Eit egna anlegg for oppsamling av avløpsvatn.
 - Kontor til den offentlege veterinæren.
- e) Oppsamlingssentralen kan berre ta imot dyr som er identifisert i samsvar med føresegna i § 4 andre ledd og som oppfyller helsekrava i forskrifta her. Før å sikre dette skal eigaren av eller den ansvarlege leiaren for oppsamlingssentralen forsikre seg om at dyra blir følgt av dei helsesertifikat og dokument som denne forskrifta krev når dei kjem fram til staden.
- f) Oppsamlingssentralen skal bli kontrollert regelmessig av kompetent styresmakt, for å sikre at krava for godkjenning blir følgt.

Eigaren eller den ansvarlege for oppsamlingssentralen skal registrere opplysningane lista opp nedafor i eit register eller ein database. Desse opplysningane skal bli registrert på grunnlag av dokumenta som følgjer dyra eller på grunnlag av identifikasjonsnumra eller -merkene til dyra og dei skal oppbevarast i minst tre år:

- Namn på eigar, kor dyra kjem frå, dato for mottak og sending, tal og identifikasjon av dyra eller registreringsnummeret på opphavseininga til dyra som blir mottatt i oppsamlingssentralen og, dersom det passar, namn og registreringsnummer på oppsamlingssentral som dyra har passert før dei kjem til denne oppsamlingssentralen, samt planlagt endeleg mottakarstad.
- Registreringsnummer både på transportfirma og på lastebil som leverer eller samlar opp dyra frå oppsamlingssentralen.

Kompetent styresmakt skal gi kvar godkjent oppsamlingssentral eit godkjenningsnummer. Godkjenninga kan vere avgrensa til sau eller geit eller til ein eller fleire av småfegruppene som definert i § 3 andre ledd nummer 2, 3 og 4.

Kompetent styresmakt kan suspendere eller trekkje tilbake godkjenning dersom føresegnar i denne forskrifta eller andre relevante reglar blir brote. Godkjenninga kan då tre i kraft igjen dersom kompetent styresmakt får godtgjort at oppsamlingssentralen på ny oppfyller alle relevante krav.

§ 16. Livdyrforhandlar

Livdyrforhandlar skal vere registrert av kompetent styresmakt. Før livdyrforhandlar kan handle med småfe mellom land innafor EØS-området må kompetent styresmakt godkjenne han og gi han eit registreringsnummer. Han må minst oppfylle følgjande krav:

- a) Han må berre handle med dyr som er identifisert og kjem frå driftseining som oppfyller krava i denne forskrifta. Ansvar for at dyra er identifisert i samsvar med § 4 andre ledd og følgd av korrekte helsedokument i samsvar med § 7 ligg hos livdyrforhandlaren.
- b) Han skal registrere opplysningane lista opp nedafor i eit register eller ein database. Opplysningane skal registrerast på grunnlag av dokumenta som følgjer dyra eller på grunnlag av identifikasjonsnumra eller -merkene til dyra og opplysningane skal oppbevarast i minst tre år:
 - Namn på eigar, kor dyra kjem frå, kjøpsdato, kategoriar, tal og identifikasjon av dyra eller registreringsnummeret på opphavseininga til dyra og, dersom det passar, namn og registreringsnummer på oppsamlingssentral som dyra har passert før kjøpet, samt endeleg mottakarstad.
 - Registreringsnummer på transportfirma og/eller på lastebil som leverer eller samlar opp dyra.
 - Namn og adresse på kjøpar og endeleg mottakarstad for dyra.
 - Kopiar av eventuelle ruteplanar og/eller løpenummer på helsesertifikat.
- c) Når dyr oppheld seg på anlegget til livdyrforhandlaren skal han sikre:
 - At personalet som har ansvar for dyra blir gitt særleg opplæring med omsyn til krava i denne forskrifta og til reglar om handsaming av dyr og dyrevern.
 - At naudsynte undersøkingar og prøver av dyra blir regelmessig utført av offentlig veterinær og at alle naudsynte tiltak for å unngå spreiding av smittsam sjukdom blir gjennomført.

Alle lokalitetar som blir nytta av livdyrforhandlar i samband med verksemda som livdyrforhandlar må vere registrert av kompetent styresmakt. Kompetent styresmakt må godkjenne lokalitetane og gi dei registreringsnummer. Dei må minst oppfylle følgjande krav:

- a) Dei skal vere under tilsyn av offentlig veterinær.
- b) Dei skal ligge i eit område som ikkje er omfatta av forbod eller restriksjonar på grunnlag av relevante nasjonale eller EØS-rettslege reglar.
- c) Dei må ha:
 - Stor nok kapasitet og eigna innretningar for inspeksjon og isolasjon, som gjer det mogleg å halde alle dyra isolert i tilfelle av utbrott av ein smittsam sjukdom.
 - Eigna innretningar til å lesse dyra av og om naudsynt oppstalle dei på korrekt måte, vatne og føre dei og gi dei naudsynt stell. Innretningane skal vere enkle å reingjere og desinfisere.
 - Eigna plass til oppbevaring av søppel og husdyrgjødsel.
 - Eigna system for oppsamling av avløpsvatn.
- d) Før bruk skal dei reingjerast og desinfiserast i samsvar med instruksjonar frå offentlig veterinær.

Kompetent styresmakt kan suspendere eller trekke tilbake godkjenning dersom føresegner i forskrifta her eller andre relevante reglar blir brote. Godkjenninga kan då tre i kraft igjen dersom kompetent styresmakt får godtgjort at livdyrforhandlarar på ny oppfyller alle relevante krav.

Kompetent styresmakt kan gjennomføre regelmessige kontrollar for å sikre seg om at livdyrforhandlarar oppfyller desse krava.

§ 17. Transport

Transportmiddel skal straks etter transport av dyr eller produkt som kan påverke helsa til dyr bli vaska og desinfisert med eit desinfeksjonsmiddel som er godkjent av kompetent styresmakt. Om nødvendig skal transportmidlet òg vaskast og desinfiserast før ny transport av dyr. Avføring, strø eller fôr må ikkje lekke eller falle ut av kjøretøyet under transporten.

Transportøren skal enten rå over høvelege innretningar til reingjering og desinfeksjon som er godkjent av kompetent styresmakt, dette omfattar mellom anna innretningar til oppbevaring av avfall og husdyrgjødsel, eller kunne dokumentere at desse funksjonane blir utført av tredjemann som er godkjent av kompetent styresmakt.

Transportøren skal sørge for at det blir ført eit register for kvar einskild lastebil som blir nytta til transport av dyr. Dette registeret skal bli oppbevart i minst tre år og skal minst innehalde følgjande opplysningar:

- Stad og dato for oppsamlinga, adresse og namn eller firmanamn på driftseininga eller oppsamlingssenteret der dyra blei samla opp.
- Stad og dato for levering, adresse og namn eller firmanamn på mottakar.
- Art og tal på dyra som blir transportert.
- Dato og stad for desinfisering.
- Data i dokumenta som følgjer dyra (sertifikatnummer og liknande).

Transport av småfe skal skje på slik måte at dyra ikkje kjem i kontakt med dyr med lågare helsestatus, jf. § 5. Dette gjeld frå dyra forlét opphavseininga og til dei kjem fram til mottakarstaden. Ansvar for at den regelen blir overhalde ligg hos transportøren.

Transportøren skal gi skriftleg fråsegn om at alle naudsynte tiltak vil bli gjennomført for å oppfylle reglane i denne forskrifta eller i direktiv 91/68/EØF, mellom anna føreseigna i denne paragrafen eller i artikkel 8c i direktivet og føreseigna som gjeld dokumentasjon kring dyra. Han skal og gi skriftleg fråsegn om at dei som gjennomfører transporten har naudsynt kompetanse, faglege kvalifikasjonar og kunnskap.

Kapittel III. Krav som gjeld for innførsel av småfe til EØS-området frå tredjeland

§ 18. Godkjente tredjeland

Ein kan berre innføre småfe frå tredjeland, eller område i tredjeland, som er oppført på liste over godkjente tredjeland i forskrift 23. juli 2010 nr. 1137 om import fra tredjestater av visse levende dyr, bier, humler og ferskt kjøtt av visse dyr § 1 jf. forordning (EU) nr. 206/2010 vedlegg I del 1.

0 Endra ved forskrifter 4 juli 2006 nr. 919, 25 okt 2010 nr. 1374.

§ 19. Helsesertifikat

Med småfe skal det følgje eit originalt helsesertifikat som er stempla og skrive ut av lokal offentlig veterinær i avsendarlandet. Sertifikatet skal bekrefte at dyra oppfyller vilkåra i den standardsertifikatmodellen som helsesertifikatet er basert på, jf. forskrift 23. juli 2010 nr. 1137 om import fra tredjestater av visse levende dyr, bier, humler og ferskt kjøtt av visse dyr § 1 jf. forordning (EU) nr. 206/2010 vedlegg I del 2.

Sertifikatet skal vere på minst eit av språka som blir nytta i avsender- og mottakarlandet og skal ha eit individuelt identifikasjonsnummer. Det skal vere slik utforma at det utgjer ein integrert heilskap.

Sertifikatet kan innehalde erklæringar som andre EU-rettsakter krev, som gjeld folkehelse, dyrehelse eller dyrevelferd.

0 Endra ved forskrifter 4 juli 2006 nr. 919, 25 okt 2010 nr. 1374.

§ 20. *Prøvetaking*

Dyra skal etter innførsel isoleras og undersøkast i samsvar med forskrift 27. juni 2002 nr. 732 om bekjempelse av dyresjukdommer og forskrift 31. januar 1995 nr. 107 om overvåkning av og kontroll med forekomsten av salmonella hos levande dyr.

0 Endra ved forskrifter 4 juli 2006 nr. 919, 25 okt 2010 nr. 1374.

§ 21. *Transport*

I løpet av dei siste 24 timane før dyr sendes til EØS, skal offentleg veterinær kontrollere at dyra er friske og at transportreglene i forordning (EF) nr. 1/2005 er oppfylt, særleg med omsyn til vatning og føring. Dyra skal ikkje ha vist kliniske teikn på sjukdom, og dei skal vere funnet egna til å gjennomføre heile transporten.

0 Endra ved forskrifter 4 juli 2006 nr. 919, 28 april 2009 nr. 459, 25 okt 2010 nr. 1374.

§ 22. (Oppheva ved forskrift 25 okt 2010 nr. 1374.)

Kapittel IV. Avsluttande vilkår

§ 23. *Kontroll ved innførsel og utførsel*

Ved handel mellom EØS-land og når småfe blir ført inn til Noreg frå tredjeland, skal dyra og dokumenta som følgjer dei bli kontrollert etter føresegnene i forskrift 31. desember 1998 nr. 1484 om tilsyn og kontroll ved innførsel og utførsel av levande dyr, annet avlsmateriale og animalsk avfall innan EØS, og ved innførsel av levande dyr fra land utanfor EØS.

0 Endra ved forskrift 4 juli 2006 nr. 919 (tidlegare § 22).

§ 24. *Tilsyn og vedtak*

Mattilsynet fører tilsyn og fattar vedtak for å gjennomføre føresegner gitt i og i medhald av denne forskrifta i samsvar med matloven § 23 om tilsyn og vedtak og kan i samband med det treffe vedtak etter § 24 om særskild smittesanering, § 25 om stenging og virksomhetskarantene og § 26 om tvangsmulkt.

0 Endra ved forskrift 4 juli 2006 nr. 919 (tidlegare § 23).

§ 25. *Dispensasjon*

Mattilsynet kan i særlege høve dispensere frå føresegnene i denne forskrifta, såframt det ikkje vil stride mot dei internasjonale forplikingar Noreg har, under dette EØS-avtala.

0 Endra ved forskrift 4 juli 2006 nr. 919 (tidlegare § 24).

§ 26. Sikringstiltak

Etter matloven § 23 første ledd kan Mattilsynet på kort varsel og utan vederlag til importør eller eksportør stoppe innførsel eller utførsel av småfe dersom særlege tilhøve når det gjeld dyrehelsa i avsenderlandet eller andre tilhøve krev det.

0 Endra ved forskrift 4 juli 2006 nr. 919 (tidlegare § 25).

§ 27. Utgifter

Alle utgifter i samband med innførsel og utførsel av levande småfe er uvedkommande for det offentlege.

0 Endra ved forskrift 4 juli 2006 nr. 919 (tidlegare § 26).

§ 28. Straff

Forsettleg eller aktlaust brot på forskrifta her eller føresegner og vedtak gitt i medhald av denne forskrifta, er straffbart etter matloven § 28.

0 Endra ved forskrift 4 juli 2006 nr. 919 (tidlegare § 27).

§ 29. Iverksetjing og overgangsordningar

Denne forskrifta blir sett i verk 1. april 2005. Frå same dato blir forskrift 31. desember 1998 nr. 1480 om dyrehelsemessige vilkår for innførsel og utførsel av småfe oppheva.

0 Endra ved forskrift 4 juli 2006 nr. 919 (tidlegare § 28).

Vedlegg A. (Oppheva)

0 Oppheva ved forskrift 24 okt 2014 nr. 1333.

Vedlegg B. (Oppheva)

0 Oppheva ved forskrift 25 okt 2010 nr. 1374.

Vedlegg C. Helsesertifikatmodellar for handel med småfe innafor EØS-området



0 Endra ved forskrifter 24 okt 2014 nr. 1333, 9 mai 2017 nr. 589.

Vedlegg D – F (Oppheva)

0 Oppheva ved forskrift 25 okt 2010 nr. 1374.